

Kulturdepartementet
 Postboks 8030 Dep
 0030 Oslo

Deres ref: 2009/05503 ME7ME2 CMI:elt

Vår ref: 09/00854

Oslo 18.03.10

Høringsmerknader til **Ta alle talentene i bruk!**

Kulturdepartementet har sendt bransjerådets rapport "Ta alle talentene i bruk!" ut på høyring med svarfrist 18. mars. Styret i Norsk filminstitutt har handsama rapporten, og vil med dette gi si vurdering av framlegga.

Den skeive kjønnsbalansen er eit problem for heile det norske filmmiljøet. I den internasjonale konkurransen må norsk film trekkje til seg dei beste talenta uavhengig av kjønn. Innanfor kortfilm, dokumentarfilm og TV-drama har bransjen vist at talent er jamt fordelt mellom kjønna. For spelefilmen er fordelinga langt meir ujamn. Særleg innan film som får tilskott etter marknadsvurdering og film som blir produsert utan forehandstilskot er kvinnerepresentasjonen låg. Styret i NFI vil særleg peike på behovet for å finne gode tiltak på desse områda. Sjå elles punkt 2 under.

Framlegga er av ulik karakter. Enkelte tiltak er allereie innførte, eller lar seg enkelt innføre. Andre er meir omfattande, og krev auka tilskott eller andre økonomiske incentiver. Til slutt er det dei tiltaka som krev endringar i forskriftsverk, og derfor blir av meir langsiktig karakter. Sjølv om måla kan bli nådd på dei fleste av områda vil det bli ei viktig oppgåve å sikre ei varig måloppnåing.

Tiltaka er handsama enkeltvis. Nummereringa viser til framlegga på side 5 og 6 i rapporten, og tiltaket blir berre presentert med overskrift, utan fullstendig referat.

1. **Kjønnsbalanse i manusordninga.**

Kjønnsbalansen i manusordninga har over tid vist seg ganske stabil, med 48% kvinner blant nye tilskottsmottakarar i 2009. Dette kan svinge litt frå år til år, men vi ser derfor ikkje grunnlag for å innføre eit meir detaljert regelverk på området. Målsettinga står fast i interne styringsdokument for NFI.

2. **Forskuve fordeling**

Kvinnedelen i tildelingar både i prosjektutvikling og i produksjonstilskott etter konsulentvurdering vil både i 2009 og 2010 ligge rundt 30%, og vil truleg nå 40% i løpet av 2011. Desse tildelingane opnar for bruk av skjønn, og med den høge kvaliteten i søkjemassen vi ser i dag, meiner vi det er realistisk å oppnå målsettinga utan endra forskriftsverk, som uansett truleg vil ta lengre tid.

NFI vil likevel peike særskilt på at dette ikkje er tilstrekkeleg til å betre balansen i den samla produksjonen. Tilskott etter marknadsvurdering blir gitt til i overkant av 20% kvinner, som er noko høgare enn kvinnerepresentasjonen i søkjemassen. Kinofilm utan førehandstilskott frå NFI har ein enda svakare kvinnerepresentasjon. Denne problemstillinga vil ikkje bli løyst gjennom konsulentordninga.

Instituttet vil derfor ta initiativ til eit eige bransjemøte for å diskutere dette problemet, og å komme opp med framlegg til tiltak som vil betre kjønnsbalansen også innan marknadsvurdert film.

3. Pakkefinansiering

Styret meiner dette er eit eigna verkemiddel, og vil rå departementet til å innføre ordninga med kvotering både innanfor både produksjon og utvikling, med minimum 2 kvinner.

4. Kvinnelege protagonistar

Styret støtter ikkje å innføre fire nøkkelroller i den samla vurderinga. NFI vil kartleggje tal på kvinnelege hovudroller, og å følgje utviklinga på dette området. Når vi ikkje ønskjer å leggje dei inn i samletala slik at kvinneleg hovudrolle tel på same nivå som kvinneleg produsent, har det fleire grunnar.

Hovudgrunnen er det prinsipielle ønsket om å skilje produksjon og innhald, slik at det er det produksjonsmessige som tel når ein vurderer kjønnsbalansen. NFI meiner at vi ikkje bør ha ansvaret for det kunstnarlege innhaldet.

5. Utvida etterhandsstøtte

Dette framlegget vart avvist av ESA i arbeidet med dei forskriftene som trådde i kraft 1. januar i år. Utvida etterhandsstøtte blir grunnleggjande i marknadsmessige hindringar/avgrensa innteningspotensial, og vi meiner det ikkje er grunnlag for å hevde at film med mange kvinnelege nøkkelfunksjonar blir ramma av dette. Derfor meiner styret ein ikkje bør prioritere å fremje forskriftsendring på dette enno.

6. Etableringsstøtte til kvinnelege film- og TV-produsentar.

Styret tilrår at bransjen tar kontakt med Innovasjon Norge og vurderer deira tilskottsordning også for filmbransjen.

7. Systematisk innføring av søknadsfristar.

Gjeld i praksis mest konsulentordning. Der vil administrasjonen komme tilbake med ein gjennomgang av moglege endringar. Per i dag er det allereie innført ei offentleggjering av kva datoar det blir gjort produksjonsvedtak.

8. Mentorordningar.

Styret støttar tiltaket, der NFI kan vere koordinator. Dette må i så fall finansierast gjennom pott for likestillingstiltak.

9. Fleire filmrekrutteringsstipend.

NFI støttar tiltaket, som krev auka økonomiske rammer

10. Tettare kontakt mellom produsent og kunstnar

Tiltaket er allereie vedteke i gjeldande strategi.

11. Telling av prosjekt som fell utanfor

Dette vil bli gjennomført når nytt saksbehandlingssystem er på plass våren 2010.

12. Prosjektutviklingsstøtte med senka eigenkapitalkrav

Dette tiltaket er allereie innført.

13. Postpremierestipend.

NFI ønskjer ikkje å prioritere dette tiltaket no, men vil ta dette inn under regiutviklingsavtalen.

14. Bevisst val av kjønn i rollene

NFI meiner vår rolle ikkje bør vere å endre på innhald for å gi tilskott. Det kan derfor berre gjelde som ei allmenn oppmoding, særleg retta til produsentar.

15. Kvinner i ikkje-kjønnsesifikke roller

Som over.

16. Telling av protagonistar

NFI vil innføre statistikk også for hovudroller, sjå punkt 4.

17. Innføring av gender mainstreaming

NFI skal følgje statens reglar for tilsetting, der det blir stilt krav om representasjon uavhengig av kjønn, alder eller etnisk bakgrunn. Sjå særleg likestillingslovens §1a 2. ledd, diskrimineringslovens §3a 2. ledd, og også Statens personalhåndbok pkt 8.21

18. Leiarutviklingsprosjekt

Dette fell utanfor NFIs ansvarsområde og blir ikkje handsama her.

19. Skolering i kjønn og etikk.

Oppgåva blir gjennomført internt på NFI, og vi oppmoder mellom annan Produsentforeningen om å gjere det same.

20. Likestillingsperspektivet i regionale filmsenter.

NFI vil ta initiativ på feltet ved å søkje å få til felles rapporteringssystem. Dette bør finansierast over eige budsjett, og gjelde offentlege middel også i fond.

21. Støtte til WIFT

NFI kan etter regelverket ikkje gi driftsstøtte til interesseorganisasjonar, men WIFT blir oppmoda om å søkje middel til aktivitet over post 78. NFI støtter at dei blir godkjende som høyringsinstans.

22. Halde arbeidsmiljølova

NFI skal føresette at alle tiltak held seg til gjeldande norsk lov. Frå årsskiftet skal vi ha skriftleg stadfesting av unntak frå arbeidsmiljølova som gjeld barn, og vil i tillegg be om det same i dei tilfella der produksjonsplanen legg opp til utstrakt bruk av overtid. Produsentane må ta ansvar som arbeidsgivar, og det er Arbeidstilsynet har ansvaret for oppfølging.

23. Auke i realbudsjetta

Dette er ei overordna sak, som blir løypande vurdert. Dersom det skal løysast innan dagens rammer vil det i ein periode kunne bety noko færre spelefilmar.

Frå årsskiftet godkjenner NFI også kostnader til omsorgsarbeid i produksjonsbudsjetta.

24. Bransjens tvistesaksutval

Styret oppmoder bransjen til å opprette dette, men NFI har inga separat rolle i dette.

25. Likestillingspott.

NFI vil søkje om likestillingspott fordelt mellom drift og fond, avhengig av tiltakets karakter. Størrelsen på potten vil vere avhengig av kva tiltak som blir innførte

26. Likestillingsperspektiv ved statens kjøp av reklamefilm

NFI vil oppmode om at Fornyingsdepartementet tar dette inn i statens regelverk for offentleg innkjøp.


Styret i NFI meiner instituttet må ta ei viktig rolle i arbeidet med å betre kjønnsbalansen. Vi må samstundes peike på at verksemda i NFI har fleire målsettingar, enkelte til dels motstridande, i utgangspunktet. Vi må både oppretthalde eit høgt publikumsbesøk, som er viktig for legitimiteten blant publikum, og halde eit tilstrekkeleg breitt produksjonsvolum til å sikre både mangfaldet og den kunstnarlege suksessen. Dette må vi også ta omsyn til i val av verkemiddel.

Med vennleg helsing



Kristenn Einarsson

styreleiar



Nina Refseth

direktør